

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	42/2021	Arkiv nr.:		Møtedato:	22.11.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Referat og meldingar..

- A. 210924 Brev frå Lom fjellstyre til søkerar om tilleggsjord ved Nordseter – Status i saka.
- B. 210928 Kopi av e-post frå Jotunheimen nasjonalpark - søknad om utsettelse - endring av dispensasjonstidsperiode til aug/sept 2022 - Jotunheimen NP - transport til Glitterheim for dagsenterpasientar - Lom kommune
- C. 210929 Kopi av e-post frå Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon til bruk av drone i Breheimen NP og Høyrokampen NR i forbindelse med leiting etter sau-Lom samarbeitlag
- D. 210930 E-post til Landbrukskontoret i Lom og Skjåk – dyrkingssaka – presisering frå sekretær og kopi av brev sendt søkerane – status i saka.
- E. 211001 Avtale om tjenestekjøp – skjøtsel - Høydalen landskapsvernområde
- F. 211007 E-post frå Bøvertjønningen hytteforening. Årsmøteprotokoll 2020-2021
- G. 211015 Kopi av e-post frå statskog SF. Avslag på søknad om oppføring av ekstra gjerde rundt hytte.
- H. 211021 Kopi av e-post frå statskog SF. Avslag på søknad om oppføring av ekstra gjerde rundt hytte.
- I. 211021 E-post frå Statskog SF. Kopi av brev til statens vegvesen-manglande vedlikehald av bru i Breiseterdalen i Leir- og Bøverdalen statsallmenning
- J. 211027 E-post til Statskog SF – Anmodning om oppfylgjing av rivningsvedtak – seter fallen i det fri, Foss.
- K. 211027 Kopi av brev frå Statskog SF til Soleggen beitelag. Krav om fjerning av installasjon for saltstein - Soleggen beitelag
- L. 211104 E-post frå Norges Fjellstyresamband. Invitasjon til fagsamling 19.-21.januar 2022 - Scandic Hell Stjørdal/Værnes.
- M. 211105 E-post frå Nasjonalparkriket Reiseliv AS. Invitasjon til digital rundebordsamtale om regional reisemålsstrategi.
- N. 211108 E-post frå Norges Fjellstyresamband. Forslag om ein dags gratis fiske for Norges jeger- og fiskarforbund sine medlemmar i forbindelse med 150 års jubileumet.
- O. 211112 E-post frå Råmund Mundhjeld. Søknad om grunneigars løyve til motorferdsel –Restaurering av naust ved Rundhaugtjønne i Luster.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	43/2021	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	22.11.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttale - Restaurering av hus på seter som er fallen i det fri.

Sakspapir:

- E-post 9. november frå Stokk og Stein AS. Sak til uttale- restaurering av seterhus på Ekre seter.

Saksutgreiing:

Med e-post 9. november 2021 har Stokk og Stein AS, på vegne av Torhild Ekre, søkt om å få restaurere eit hus på setra som tidlegare har tilhøyrt garden Ekre med festenummer 247. Setra er fallen i det fri, men eigaren fekk i 2013 løyve frå Statskog SF til å ha hus og anlegg ståande utan vederlag jf. § 13 i seterforskrifta.

I søknaden blir det sagt at seterhuset vil bli restaurert slik at utvendig fasade i hovudsak blir som i dag. Innvendig vil det bli noko oppgradering for å få eit betre hus. Det er ynskjeleg å få teke ned huset nå i haust. Vedlagt søknaden ligg ein tilstandsrapport som beskriv nærmare kva som trengst å gjerast.

Det er Statskog SF, som etter samråd med fjellstyret, tek avgjerd i saka.

Forslag til uttale:

Lom fjellstyre er positive til at huset blir restaurert og har ikkje merknader til søknaden.

Vedtak:

Som forslaget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Stokk og Stein AS – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	44/2021	Arkiv nr.:	335.1 og 335.2	Møtedato:	22.11.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen statsallmenning. Søknad om å etablere seter på eksisterande dyrkingsparsell og inngjerding av areal for beite.

Sakspapir:

- Søknad frå Ketil Gutubø dagsett 11.09.2020. Søknad om etablering av seter og utvising av beite i Vårdalen statsallmenning.
- Brev 10.11.2021 frå landbrukskontoret i Lom og Sjøk – Uttale - Tilleggsjord, Kjetil Gutubø.
- Brev 19.11.2021 frå Statskog SF – Uttale - Søknad om statusendring fra tilleggsjord til seter samt søknad om tilleggsjord.

Saksutgreiing:

Ketil Gutubø, eigar av Grasdalsmoen gnr. 19 bnr, 2, har med søknad dagsett 11. september 2020 søkt om etablering av seter og utvising av beite i tilknytning til dyrkingsparsell med festenummer 31 i Vårdalen statsallmenning.

Garden har til saman 63 dekar dyrka mark der om lag halvparten av arealet ligg til dyrkingsparsellen. Drifta på garden er i fyrste omgang planlagt å være 75 vinterfora sau og 10 boergeiter. (ammegeiter, beitepussere.) Garden har ei mjølkekvote på 47072 liter som for tida er bortleigd. Driftsbygninga er tenkt bygd om til sauefjøs over ei periode på 2-3 år.

Om omgjerding av dyrkingsparsell til seter skriv søkaren:

« Arealet på 158/1/31 er naudsynt for planlagt drift. Langt fram halvparten av grasavlinga vil verta hausta her. Arealet har vatningsanlegg, noko som gjev årviss og god avling.

På min gard, med sauehald vil det vere fleire driftsoppgåver som naturleg vil vera utført på og frå setra. Snyltebehandling før beitesesong, tilsyn, både på innmark og utmark, vatning, slått, veking og sortering av lam etter beitesesong m.m. Dette inneber at setra vil verta jamleg nytta gjennom heile sommar og haustsesong, og drifta på setra vil være ein viktig og integrert del av hovuddrifta på garden.

Omgjerding av dyrkingsparsellen til seterstatus vil vera ei styrke av garden som driftseining. Det er tettare band mellom gard og seter, enn mellom gard og ein parsell. Seterstatus gjev større moglegheiter, og gjev betre sikkerheit for framtidig drift. Det vil m.a. vere mogleg, og sikrare å investere i større bygningsmasse.

Det vil til dømes vera behov for eit husdyrrom for snyltebehandling, veking og sortering. Dettar er tenkt som eit tilbygg til eksisterande låve. Vinterstid vil dette kunne nyttast som redskapshus for ymse driftsutstyr. Søkjar har også ynskje om å utvide stugu på parsellen med sovberom.

Underteikna ynskjer å ta vare på og vidareutvikle seteranlegg på nemde parsell, på ein måte som tek både bygningsmessige og landskapsmessige omsyn. Målet er å etablere ei seter som bidreg til å sikre levande setertradisjon – og kultur.»

Møtebok – Lom fjellstyre

Om utvisning av beite skriv søkeren:

« Søkjaren ser at det er behov for meir inngjerda beiteareal, då hard beiting på fulldyrka grasareal vår og haus svekkar grasmarka, gjev dårlegare avlingar og overvintringskader. Det vert søkt om ca. 25daa inngjerda beiteareal, lokalisert i tilknytning til parsell 158/1/31. På dette arealet er det tenkt rydding av kratt, men i forsiktig avskogning slik at det ikkje vert så ruvande i terrenget. Omsøkt areal går fram av vedlagt kart.»

Saka var sett opp på fellesynfaringa 21. juni der Statskog SF og landbruksjefen i Lom og Skjåk deltok. Kjetil Gutubø orienterte om søknaden og planane han hadde. Saka vart i etterkant sendt til uttale hjå Lom kommune, Statskog SF og til allmenningsstyret.

Landbrukskontoret i Lom og Skjåk tilrår utvisning av areal for beite og grunnjev dette med at eksisterande parsell bør nyttast til forproduksjon. Eit nytt beiteområde vil spare dyrkingsparsellen og gje ei driftsmessig god løysing. Kommunen er meir forsiktig med å anbefale utvisning av seter, og framhevar at eit løyve kan gje føringar for liknande saker.

Statskog SF har med brev 19. november lagt fram si uttale der dei om seter seier at:
«Seterforskriften åpner for at jordbruker med beiterett i statsallmenning som godtgjør at det trengs seter til drift av eiendommen, kan få utvist seter jf. § 18 og 21 i fjellova. Departementet har i sine merknader til seterforskriften kommet med føringar for tildeling av seter, der det med annet står at «Behov for husvære for tilsyn med beitedyr, slepp om våren og samling om hauste, er ikkje grunnlag for å få utvist seter. Om brukaren har slike behov må han fremje ein søknad etter § 5 i forskrifta.»

Med bakgrunn i overstående vil Statskog fraråde Lom fjellstyre å gi tillatelse til statusendring fra tilleggsjord til seter for feste 3434/158/1/31. Statskog mener at behovet kan imøtekommes på andre måter enn statusendring, som søknad etter § 5 eller § 25 i seterforskriften.»

Statskog SF har ingen merknader til at det blir utvist areal til beite.

Allmenninstyret i Vårdalen statsallmenning har gjeve muntleg beskjed om at dei ikkje har merknader til søknaden.

Opplysninger og merknader

Søknaden er todelt. Spørsmål om etablering av seter på eksisterande dyrkingsparsell og utvisning av beite må vurderast kvar for seg.

Søknad om etebalering av seter.

Garden Grasdalsmoen har bruksrett i Vårdalen statsallmenning nord for Otta elv. Utvisning av seter til søkar som har bruksrett er regulert av fjellova § 18, og seterforskrifta § 6-7.

Av § 18 i fjellova går det fram at jordbrukar med beiterett som godtgjer at han har behov for seter til drift av garden kan få utvist seter. Det er fjellstyret som har

Møtebok – Lom fjellstyre

kompetanse til å gjere utvisning, men utvisinga må ikkje være til vesentleg skade for annan bruksutnytting. I Seterforskrifta § 6 presiserar at det er eit krav at behovet for seter blir dokumentert. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

Fram til 2007 var det sett krav om mjølkeproduksjon for å få utvist seter, dette kravet vart teke bort ved revidering av seterforskrifta. I rundskriv M-1/2016 er det sagt at «*Departementet legg til grunn at fjellstyret bør kunne utvise seter til formål som går ut over mjølkeproduksjon. Eksempel på dette kan være beiting av ungkyr, kyr for kjøttproduksjon eller ammekyr.*»

Vidare blir det framheva at fjellstyret skal vurdere formålet med utvisinga mot det jordbruksmessige behovet som eigedommen har, og «tida og tilhøva» sett i samanheng med situasjonen i det aktuelle bygdalaget. Utgangspunktet for fjellstyret si vurdering må vere om søkjaren har eit reelt behov for seter. Følgjande moment blir framheva og bør vektleggast i fjellstyret si vurdering:

- *Verksemnda må vere ein integrert del av hovuddrifta på jordbrukseigedommen til den med bruksrett, og støtte opp om drifta av denne.*
- *Den planlagde etableringa må ta omsyn til lokale tradisjoner når det gjeld næring, landskapsbruk, byggeskikk og omsyn til eksisterande natur- og kulturmiljø. Ein skal og leggje vekt på om etableringa sikrar levande setre og ein seterkultur for framtida.*
- *Etablering av ny seter må ikkje vere til fortrenghet for eller til vesentleg skade for eksisterande bruksrettsutøving.*
- *Søkjaren sine planer skal innebere dyrehald i allmenningen sommartid, og at nokon jamleg er til stades på setra denne tida.*
- *Verksemnda må framstå som ei rasjonell bruksform, og planane for verksemnda må bli vurderte som tenlege og levedyktige av lokale landbruksstyresmakter.*
- *Verksemnda må fordre ein viss bygningsmasse med driftsbygningar og husvære.*

Det er presisert at behov for husvære for tilsyn med beitedyr, slepp om våren og samling om hausten, aleine ikkje er grunnlag for å få utvist seter. Om brukaren har slike behov må han fremje ein søknad etter §5 i forskrifta.

Ut frå retningslinjene i rundskrivet kan ein sette spørsmålsteikn ved om fjellstyret har heimel til å vise ut seter til ei driftsform med sau og ammegeit, slik som det er skissert i søknaden. Dersom ein tolkar det slik at det er opning for seterutvisning til nemnde driftsform, må fjellstyret likevel vurdere søknaden, og kva behov brukaren har for seter, mot lokale tilhøve- og tradisjonar når det gjeld næring, landskapsbruk, kulturmiljø- og seterkultur. Saka er prinsipiell, og kan gje føringar for handsaming av liknande saker fram i tid.

Søknad om utvisning av areal til beite

Utvisning av areal til beite er regulert i seterforskrifta §5:

«Jordbruket med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller

Møtebok – Lom fjellstyre

saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.»

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal, og fastset dei nærare vilkåra for det utviste arealet. Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret.

All inngjerding av nytt areal vil gje negative konsekvensar for utmarksbeitet. Det har ikkje vore utvist særskilt areal knytt til kulturbeite for sau i statsallmenningene i Lom. I den grad det har vore utvist areal til sauedrift, har dette vore felles areal for beitelag til bruk ved slepp på forsommaren og ved sankinga om hausten. Det er per i dag ikkje noko felles areal, samletrå eller liknande for slepp- og samling av småfe på Stålane.

Arealet som er skissert i søknaden blir mykje brukt som passasje av beitedyr, elg, hjort og rein. Dersom det blir gjeve løyve må det ved utvising settast att tilstrekkeleg areal, og takast omsyn til eksisterande dyretrakk.

Forslag til vedtak:

Søknad om etablering av seter:

Lom fjellstyre avslår søknaden frå Ketil Gutubø om å få etablere seter på dyrkingsparsellen tilhøyrande garden Grasdalsmoen.

Fjellstyret grunngjev vedtaket sitt med at det ikkje er dokumentert eit behov for seter, jf. § 18 i fjellova og §6 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. Fjellstyret meiner at ei driftsform basert på beite med sau og ammegeit som skissert i søknaden ikkje gjev grunnlag for utvising av seter, og syner i tillegg til at lokale tilhøve- og tradisjonar støttar denne vurderinga.

Eventuelle behov for oppføring av driftsbygningar og andre nødvendige anlegg knytt til drift av tilleggsjord og beitebruk kan løyvast etter §§5 og 25 i seterforskrifta.

Søknad om utvising av beite:

Lom fjellstyre gjev med vilkår, med heimel i §5 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m., løyve til utvising av areal for beite til garden Grasdalsmoen, gnr. 19 bnr. 2.

Det blir sett som vilkår at arealet må avgrensast til 10 dekar og skal ligge nordaust for- og i tilknytning til dyrkingsparsellen som tilhøyrer garden. Fjellstyret meiner at beiting med småfe hovudsakleg skal skje i utmark, men at det kan gjevast løyve til eit mindre område til bruk for slepp om våren og sankekve om hausten.

Det skal settast av tilstrekkeleg areal til passasje for vilt- og beitedyr. Utvisinga skal skje i samråd og fellesskap med fjelloppsynet.

Hogging av skog og fjerning av tre kan berre skje etter samtykke frå allmenningstyret.

Vedtak:

Møtebok – Lom fjellstyre

Søknad om etablering av seter:

Lom fjellstyre avslår søknaden frå Ketil Gutubø om å få etablere seter på dyrkinsparsellen tilhøyrande garden Grasdalsmoen.

Fjellstyret grunngjev vedtaket sitt med at det ikkje er dokumentert eit behov for seter, jf. § 18 i fjellova og §6 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. Fjellstyret meiner at ei driftsform basert på beite med sau og ammegeit som skissert i søknaden ikkje gjev grunnlag for utvising av seter, og syner i tillegg til at lokale tilhøve- og tradisjonar støttar denne vurderinga.

Eventuelle behov for oppføring av driftsbygningar og andre nødvendige anlegg knytt til drift av tilleggsjord og beitebruk kan løyvast etter §§5 og 25 i seterforskrifta.

Søknad om utvising av beite:

Lom fjellstyre gjev med heimel i §5 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m., løyve til utvising av intill 25 dekar, for beite til garden Grasdalsmoen, gnr. 19 bnr. 2. Det er ein føresetnad at det blir starta opp med dyrehald av slik omfang som skissert i søknaden.

Fjellstyret meiner at beiting med småfe hovudsakleg skal skje i utmark, men at det i dette tilfellet kan gjevast løyve til eit areal for inngjerding til beite som også kan fungere som sanketrå.

Det skal settast av tilstrekkeleg areal til passasje for vilt- og beitedyr. Utvisinga skal skje i samråd og fellesskap med fjelloppsynet. Hogging av skog og fjerning av tre kan berre skje etter samtykke frå allmenningstyret.

Samrøystes.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn frå den 23.11.2021 med ei frist på tre veker til å kome med merknader. For meir informasjon om klageadgang, klagefrist m.m. sjå vedlagt skjema. Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Utskrift går til:

- Ketil Gutubø – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Landbrukskontoret i Lom- og Skjåk – som e-post
- Almmeningstyret i Vårdalen statsallmenning – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	45/2021	Arkiv nr.:	652 /411.4	Møtedato:	22.11.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad frå Åsne Dalåmo - utplassering av båt ved Reinstindvatnet.

Sakspapir:

- E-post 12. november 2021 frå Jotunheimen Nasjonalparkstyre – Førespurnad om synspunkt frå Lom fjellstyre – Søknad om utplassering av båt ved Reinstindvatnet. Vedlagt kopi av søknad og kopi av sak 49/2014 - prinsippvedtak vedrørende utpassering av båtar i verneområda.

Saksutgreiing

Jotunheimen nasjonalparkstyre har med e-post 12 november bede om Lom fjellstyre sine synspunkt til søknad frå Åsne Dalåmo om utplassering av båt ved Reinstindvatnet i Jotunheimen nasjonalpark.

Opplysninger og merknader

På oppsynstur i Memurudalen og områda rundt nå i sommar, registrerte fjelloppsynet at ein båt låg til opplag ved Reinstindvatnet. Vi kjende ikkje til at det har vore gjeve løyve til utplassering av nokon båt ved dette vatnet, men etter å ha kontakta fiskarar, som vi veit har vore aktive i området, fekk vi opplysningar om kven båten kan ha tilhøyrt. Saka vart rapportert til nasjonalparkforvaltaren som oppretta dialog med relevante personar. Med bakgrunn i dette, føreligg det nå ein søknad om å få ha båten liggande.

På Reinstindvatnet er det ikkje tillate med garnfiske. Det har heller ikkje vore sett ut settefisk der sidan 1966, av det som går fram av fjellstyret sitt arkiv. I oppsynssamanheng har dette vatnet og området derfor vore lågt prioritert. På våren i 2014 vart det likevel sett ut att ca. 100 settefiskar av aure på vatnet. Alle desse var merka ved at feittfinnen var klypt. Vatnet er med på lista over dei lokalitetane fjellstyret har løyve til fiskeutsetting på i Jotunheimen NP.

Eitt av formåla med oppsynsturen i dette området var å gå om Reinstindvatnet for om mogleg å sjå om fiskeutsettinga her i 2014 hadde vore vellykka, da dette ikkje hadde vore undersøkt ennå. Etter ein del kast med slukstong vart det napp - ein aure på ca. 900 gram, og med ein k-faktor på minst 1,3. Men fisken var umerka, altså var den ikkje frå utsettinga i 2014. Dette betyr at det må vera ei viss naturleg rekruttering i vatnet, alternativt at andre enn fjellstyret har teke hand om forvaltninga av vatnet. Høgdegrensa for sjølvrekruttering i fjellvatna har auka dei siste 20-30 åra, men det betyr eventuelt at det alltid må ha vore ein liten bestand her etter utsettinga i 1966.

Utplassering av båtar innanfor verneområda skal i utgangspunkter knytast til vatn/tjern med garnfiske, men i denne saka er det spørsmål om ein båt som allereie har lege her i mange år. Det at ingen, inkludert oppsynet, ikkje har lagt seg merke i han gjennom desse åra talar for at den er til relativt liten sjenanse for andre. Dersom båten bidreg til at fiskeressursen i vatnet blir nytta er det kanskje like greitt at den får ligge nokre år til.

Forslag til uttale:

Møtebok – Lom fjellstyre

Fjellstyret er i utgangspunktet restriktive til utplassering av båtar på vatn som ikkje er opna for garnfiske, særskilt når dette gjeld vatn som ligg innanfor verneområda. Denne båten har truleg lege her i mange år, fjellstyret meiner difor at denne saka er spesiell og har kome fram til å tilrå at det blir gjeve løyve for 4 nye år.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen – som e-post
- Åsne Dalåmo